



Vegvesenet gjev no grønt lys for separat avkøyrslø ned til dei åtte planlagde bustadane etter å ha gjeve opp kravet om felles avkøyrslø med nabo-eigedommen lengst til høgre på teikninga

Bustadprosjektet til Uskedalen Eiendomsutvikling på Eikelandet har truleg kome eit godt steg vidare i og med at vegvesenet no har akseptert separat vegløyising for dei åtte husa.

Det er lenge sidan politikarane i forvaltningsstyret gav sitt prinsipp-samtykke til bygging av dei like husa mellom riksvegen og stranda.

Den største bøygen i den seinare tid har vore avkøyrslø frå vegen. Statens vegvesen sette krav om felles avkøyrslø for bustadprosjektet og nabo-eigedommen (gardsnummer 133 og bruksnummer 25, eigar Thomas Eik).

Men Eik aksepterte ikkje ei slik løysing og no har Statens vegvesen gjeve førehandstilsegn til separat avkøyrslø ned til bustadane. Det inneber at Eik har vunne fram med sitt syn. Han kravde at utbyggjaren måtte finna løysing på avkøyrslø i sin heilheit på eigen grunn fordi den planlagde felles avkøyrslø ville kutte av hagen hans mot riksvegen. Eik visste ikkje noko før sist vår om det dramatiske inngrepet i eigedommen sin som vegvesenet la opp til.

Men vegvesenet legg til at det vert sett krav om at "utbyggjaren tar kostnaden med ei felles avkøyrslø når det lar seg ordne", som det heiter i brevet.

Av Ola Matti Mathisen



Thomas Eik, som her markerer det planlagte inngrepet i hagen sin, vann fram med protesten. (Foto: Ola Matti Mathisen)